

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 Fylke: Buskerud
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Uvdal
 Emne: Helsing, Fakter og Aatferd Bygdelag: Uvdal
 Oppskr. av: Anna Samuelson Gard: Skogheim
 (adresse): Uvdal i Numedal G.nr. 61 Br.nr. 22
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle og
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Magnus Bakke Uvdal . 70 aar. (gardbrukar)

SVAR

1.

le
 Korlrís folk Uttrykjer ja og nei:

✓
 "Ja" bli eit nikk med hovudet og "nei" eit rist paa
 hovudet.

2.

Alle folk helsar paa einan enten dei er sers kjende
 ell' ikkje.

3.

Naar ein møtte kjende var det karen som vanleg helsa
 fyrst naar dei møttes.

4.

Dei sa då gudag"te einan enten det var mann, kvinne ell'

bonn.

5.

No heise dei paa samre maatin enten dei møte prest
 ell' embedsmenn men før sa dei aakaran tok luva taa seg o
 helt den onde armen. Møtte dei slydfolk vart det no lite
 prat ve sia som " du æ ute o jeng idag du mæ", likeins
 når dei møtte neraste grannan. Det var ikkje vanleg aat dei
 tok taa seg luva ell hatten om granna ell slydfolk møttes,
 dei bruke det ikkje no hell, uta det gjelt presten ell nokon
 dei ikkje ha sett paa länje. Nokon sers embedsmenn ha me
 ikkje her, sommetier bruke dei no berre o setta haande te
 luva som almindeleg militerhelsing, o nokon storbonde ell
 brukseigarar ha me ikkje her, om me hadde slike so maatte dei
 med ta imot almindeleg helsing. Uvdølingan er gamal utvandra-
 folk o noko stive taa seg, so dei avsky alt som heite o "krype"
 for andre. Men dei er veldig koselege treff dei greie folk.
 Det har vist aldrig vore nokon her som helt hatten
 med begge hendan, helt dei luva onder armen-laangt at-
 ende i tie, so tydde det paa ærbødigheit.

Høss det var i ældre tid veit eg ikkje so sikkert, men ein fer intrykk taa aat karan no helse meir "ærbødig" paa einan nær dei treffas i høgtidskler, o er det i sygna so spør dei einan mest høs det har seg aat dei gaa i puss mitt i "svarte sygna".Kvinfolka slø no mæ ein sersjilt rall naar dei møtas fint kledde i sygna. So dei eldre daa, dei yngre gaa mest i samre pussen støtt nofærtie.

8.

Ved kjørkja haanhelste folk altid paa einan o gjera det te dags dato, o kom dei te likferds ell bryllup ell andre høgtier, el' dei var bedde fremmen te einan i julehelje, haanhelsa dei paa alle i huse-baade paa ongan o det vaksne .

9.

Naar dei var fulle klappa altid karan einan paa oksla, ikkje helles. 10.

Det var nok, og er muligens enda ibruk aat karan ta taa seg hatten naar dei høire klokkeringing fraa kjørkja, helst naar gravaren "vekkje klukkun" dei kalle-med det samre han ska te o kaste up ei grav. Kasje helst dei gjorde det naar dei sto paa aakeren o høirde klukkun. I slikt eit høve sto kvinfølkje roleg paa aakeren ei stond. (No veit de dei bruke i somme høve ved ei minnehøgtid, aat følkelyden tek eit minuts stilheit te minne om det som har hendt, te minne om ein som er avliden, ska tru om ikkje dena stilheite dei tok i aakeren ei liten stond grensa inn paa samre meininje ?) 11.

Møtte nokon eit likfølje ell' ein brurelyd sto dei stille te følje va reist førbi, o karan tok taa seg luva, slik er skikken endaa. 12. Det kan ingen hukse aat nokon helsa paa dyrell' paa daue ting, ana hjemmelsmannen min før moro skull hadde lært Guri(katta si) te o helse mæ høgge labben sin naar han rekte ho haande.

13.

Naar dei helsa om dagen sa dei "gudag", om kvellen sa dei "gukvell" o seinare paa kvellen "gonatt" klukkeslettan er ikkje so godt o greie, det var ettersom det høvde te. Før ein 50-60 aar sea var det dei som sa "Gudag o Guds fre i huse". No bli det sagt "Gumaarn" mest haa tid det er

14.

Ein ser det ikkje som usømmeleg om nokon kjem inn o si "gumaarn" mitt paa dagen, det er er so vanleg no, men førsnakke dei seg , ell' si "gukvell" naar dei kjem inn om morgon, ell' si "gonatt" nør dei reise om dagen, so bli det hatt morro i det.

15.

Er det daa folk dei kjenne gøtt, so bli de svaaraa: " Aaja, du ha tenkt o kvelle alt?"

16.

Det bli ikkje tatt so nøie om dei sea "Gumaarn" ell'. "Maarn"om det so er heile dagen o kvellen mæ.

17.

"Væl bekomme" sea somme naar dei kjem inn i eit hus me dei sitta o eta, men det ordet æ innført, det ska ikkje vera gamalt Uvdølsprat. "Signe arbeie", "signe streve" o dei andre signingan bli aldri bruka her , men det sjaa etter haa arbeie dei ha o so si dei " Du driv i slaatten du daa", " du driv o raakaa", "du stenn i o hogg ved", o hvis dei kvile so si dei mest : "Aaja du ha tikji de ein gvil", ell' før morro skull: "Du ligg o lata de."

18.

Sjaa ovanfor . Det vart svaaraa : " Ja, e balla no paa", ~~naar dei~~ naar dei vilde vara smaafeldte ell'm so sa dei: "Aaja , ein æ nøigd te o staa i , ska ein bli fælige i nokolonde tid". Dei som hadde kalla kvila før latskap fekk tit det svare: "Ja du kona gvile i rette tie du mæ som andre fœlk, o ikkje gaa o uroe grannan dine", det var meint berre i spøk.

19.

Om gjesten har helsa paa verten i huset ute, so helsa han likevel nør han kjem inn i stugoo si "gudag".

20.

Vilde nokon snakke med husfaren aleine o ikkje fek høve til det inne, so sa han med det samre han reiste: "Du bli vel mæ eit lite stykkje, so me faa svallas ^{ve} ~~me~~".

21.

No bruke dei fleste o banke paa døra før dei gaa inn,

4. skikken er vel snaut 20 aar gamal

22.

Dei som er inne "versogo kom inn", ell' mest: "Kom inn"
Den som kom inn sto lite burtme døra.

23.

So vart det straks sagt "fra dei som var inn e" Du maa
sja o faa de ein sit", det var mest karan som svaaraa slik.

Kvinfølkje sa : "Du fær sjaa du fær sitja".

24.

Det er fyrst dei seinare aar
karan bruka o ta hatten taa seg naar dei kom inn, dei tok
ikkje luva taa om dei vart bedd o sitta, dei fleste ta
luva taa seg no, men det fins dei som sitt mæ ho paa endaa.
Men vart dei bene paa kaffe ell ana drikke tok dei luva
taa seg med det samre dei skulde gaa teborða.

25.

Dei som venta ved døra ba deo o finne seg ei ses som
det stend i sp. 23. 26.

Det vart ikkje gjort skilnad paa kven det var som
kom inn. 27.

Kom det heilt fremande tegards vart dei bene o sitta
som andre. 28.

Det vart ikkje gjort nokon forsjell enten fremmen ell'
kjenningar kom.(Dei turka ikkje taa stolen om det var frem-
men som kom) 29.

Te innbedde gjester vart det sagt: " Ja no faa de
vara velkomne allesammen (hvis det var fleire), det va
rektig morro aat de kom." 30.

"Gvandagsfremmen", me kalle.sa nør dei reiste ~~no~~ fra de
na ^vfarelo takk før me , er det fleire so si dei "farrvel
o takk før kann, so bli dæ svaaraa:" De ha kjé nokko o
takke før". 31.

Helsing ved avskild:

a)for lang tid (ei reise):
" Du fær ha go reise.Uvist om me sjaa einan meir"

"Aa dæ æ no ingen Amrikreise", si den som ska reise, men er det Amerikareise so si den som ska reise:" Aa me faa no haapas det aat me sjaa einan at".

(b)truleg før siste gaang:

" No før du ha tak før dæ me ha vøre isammen , so haapas me o møtas paa eit bære ste", si den friske. " ^oJa, dæ je no Gud te dæ,"si den sjuke, hvis dei æ so klare aat dei greie det.

32.

O kysse einan te avsje har aldrig vore bruka.

33.

"Kven var det som kyste kvarandre," fell burt.

34.

Istella før navne o kysse sa deei o je tryte.

35.

Hverken vaksne ellí born kyste

paa handa.

36.

37.

fell burt.

38.

Smaaborn ber dei om ein go kjakje, men det meines mest ein god klemm.

39.

O "byte nase" ska ha vore brukt for ca. 87 aar sea, men det er ukjendt no.

40.

Om det var berre mora eller faren son "bytte nase" er uraa aa svara paa no.41. O stela nase n te barnet ved aa knipe nasen mellem peke og langfingerenpli kalla "byte nasse".

42. 43.

Je gokjakje vart gjort helst meljomvaksne og born og miljom foreldre og smaaborna , det traf vel ongdmm imeljom og.

44.

Dei sa "tlykke" mæ dagen, ved barnefødsel "telykke me baane"

45.

Te jul , "go jul", te nyaare " De faa ha gøthyaar", ved trukoving, "de faa ha telykke", ve brullaup" de aa

6
na telykke"

46.

Ved dødsfall vert det sagt so lite, no bruke dei mykjy frammanordetkondulerer, det vanlege er : "Du fær ta det tølgt, ein veit no aat tie va komin" Ved motgang : "Du ska sjaa de retta seg",

47.

Det vart mest svaaraa : Ved dødsfall "du fer ha takk før du saag inn" . Ved motgang : " Du ska ha taak før det".

48.

Likferde bli helle i heimen her . Den som helt liktala var til før ein 25 aar sea ein ell an religiøs mann i bygde , her var det enten Lars Brekke - gravaren o kjørkjetenaren-, ~~no~~ so var det ^{min} far~~s~~ solenje han livde (død 1909) ell so va det ein ann skulelærer, liktala kalla dei "o sjela før likje" paa slutte av tala takka dei den avlidne paa hans vegne før alle aar dei hadde vore isamme~~r~~likeins bar dei fram te den avlidne ein takk fraa dei som var att. Han far lika ikke aat dei kalla tala hans "o sjela før likje" han sysn det høirdest so katolsk, men det vart no kalla slik allikevel, det vart no ikkje ein sørlending som greide o snu prate i Uvdal.

No er det mest prestan som "sjela før likje"

49.

Je uttrykk før vandvyrdnad berre ved fakter greide dei no før bare ell no: "snu ryggen te den dei vilde sjenere", "Jeiple" aat' n, "Kallflire" "klappe seg i reva".

50.

Her si dei du til alle folk.

51.

Han ell' no istellafor du bli ikkje bruka.

VVVVVVV

Tillegg ti sp. 46. ved dødsfall: " Ja ,de ha blitt førandring her." Svar: " Ja det har det".

X XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX